



DEN NORSKE KYRKJA
Balestrand sokn

ÅRSRAPPORT 2024



Siste gudstenesta Kjetil Netland hadde som sokneprest i Balestrand
30. juni 2024. Foto: Jostein Risa.



Balestrand songlag syng ved kyrkjelydsfesten i bedehuset
28.oktober 2024. Foto: Jostein Risa

Vedteken i soknerådet 6. mars 2025

Innhald

1 Innleiing	2
2 Soknerådet	3
3 Det gudstenestlege og forkynnande arbeidet	8
4 Rekneskap	11
5 Statistikk	13

1 Innleiing

Balestrand kyrkjelyd er ikkje statisk. Året 2024 vart prega av fleire avskjedar og velkomstar. Det er vemodig å ta farvel med gode medarbeidarar, men me har vore heldige og fått gode folk til å overta «stafettpinnane». Det er Sogndal kyrkjelege fellesråd som er arbeidsgjevar for dei tilsette i soknet, men vi vil her nemne litt om endringar i staben og blant tenesteytarar.

Kyrkjetenar Fisseha Andemichaiel vart etter mange år i tenesta pensjonist. Etter litt tid der Jostein Risa steppa mykje inn som vikar, vart George-Catalin Canciu tilsett som ny kyrkjetenar. Han kom veldig raskt inn i arbeidet og har gjort ein flott jobb.

Sokneprest Kjetil Netland vart i juni takka av etter mange trufaste år i tenesta. Han gav seg av helsemessige årsaker. Første halvår 2024 vikarierte pensjonert prest/prost Geir Sørebo i kyrkjelyden med sokneprestansvar for gudstenester og gravferder. Diakon Kjersti Brudvik hadde 20 % stilling for å ta seg av gravferder og andaktar på helsetunet. Kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa hadde skuleåret 2023/2024 ansvaret for konfirmantane med ekstra stillingsprosent.

Frå september av vart Runar Matsui-Li tilsett som sokneprest i 50% stilling som ei prøveordning der han deler tenesta si mellom Hyllestad og Balestrand. I tillegg fekk prostiprest Rasmus Rustad ein del av tenesta si her, med ansvar for konfirmantane og ca. 1/3 av gudstenestene.

Organistarbeidet (totalt 30 % stilling) har over tid vore delt på 3; der Laila Vang og Jorunn Høines har hatt 12 % stilling kvar for å dekke alle gudstenester og resterande prosent har vore brukt til å leige inn vikar på timebasis ved gravferder og vigslar. Jorunn sa opp sin stillingsprosent tidleg i 2024. Fram til over sommaren vikarierte Olav Åm Risa i denne prosenten. Takk til Gunn Berit Bøthun som tok på seg eit 6 månaders engasjement frå 15. september.

Kyrkjegardsarbeidet med både vedlikehald og graving av graver har sidan 2008 vore særskildt godt skjøtta av Lidal Utleigeservice ved Siv og Kurt Ove Lidal. Dei ønskte no ikkje å forlengje kontrakten. I staden tok Are Langeteig og Halvor Sværen på seg kyrkjegardsarbeidet,

Revisor for soknerådet har dei siste åra vore Jarle Geithus, men han sa frå seg oppgåva etter revisjonen av årsrekneskapen for 2023. Soknerådet takkar for innsatsen og fekk heldigvis positivt svar frå Ellen Smenes som er vår nye revisor!

Kasserar har sidan 2020 vore Kari Kvikne som hadde sete i soknerådet som gjekk av 1. november 2023. Vi er takksame for at ho heldt fram med den oppgåva til langt ut i 2024. Etter kvart fekk nyvald soknerådsmedlem Karen Marit Meisingset oppgåva som kasserar, men då ho flytta sommaren 2024 vedtok soknerådet å spørje ein eksternt. Me var svært takksame då Jostein Risa svara ja!

2 Soknerådet

2.1 MEDLEMER OG VERV 2024

I soknerådet har det også vore utskiftingar av ulike årsaker, sjå tabell for namn og verv under. Etter siste endringa i soknerådet valde soknerådet å få inn ekstern kasserar og Jostein Risa sa seg villig. Etter årleg, lovpålagt val i desember vart det ingen endringar av verv.

Soknerådet ved årsskiftet 01.01.2024		Soknerådet etter vedtak 15.04.2024		Soknerådet etter vedtak 29.08.2024	
Kristin Haugen Eilifsen	Leiar	Kristin Haugen Eilifsen	Leiar og varamedlem til fellesrådet	Kristin Haugen Eilifsen	Leiar og varamedlem til fellesrådet
Kjersti Brudvik	Nestleiar	Kjersti Brudvik	Nestleiar	Kjersti Brudvik	Nestleiar
Hallbjørg Eidhamar	Medlem i fellesrådet	Hallbjørg Eidhamar	Medlem i fellesrådet	Hallbjørg Eidhamar	Medlem i fellesrådet
Ole Eilifsen	Sekretær	Ole Eilifsen	Sekretær	Ole Eilifsen	Sekretær
Karen Marit Meisingset	Kasserar	Karen Marit Meisingset	Kasserar	Monica Bondevik Dale	
Rune Andersen	Varamedlem til fellesrådet	Monica Bondevik Dale		Ida Alte	
Monica Bondevik Dale	1. vara	Ida Alte	1. vara	Yonas Ghilamicael Ghebre	1.vara
Ida Alte	2. vara	Yonas Ghilamicael Ghebre	2. vara	Marit Beathe Kyrvestad	2.vara
Yonas Ghilamicael Ghebre	3. vara	Marit Beathe Kyrvestad	3. vara		
Marit Beate Kyrvestad	4. vara				

2.2 MÅLSETJING FOR SOKNERÅDET – INGA ENDRING SISTE ÅR

Visjonen: «Å dele den gode skatten» tema henta frå 2. Tim 1,14 vart ført vidare

I verksemdplanen er dette konkretisert slik:

- Å bevare dei døypte i si dåpspakt
- Å kalle menneske i Balestrand til tru på Jesus Kristus og teneste for han
- Å gjere kyrkjelyden merksam på og utruste til sitt diakonale ansvar i verda og i nærmiljøet
- Å gjere kyrkjelyden merksam på sitt verdsvide misjonsansvar
- Å utvikle nådegåver og naturgåver til beste for heile Kristi lekam

Soknerådet vedtok i 2017 satsingsområde som har vorte ført vidare:

Ei kyrkje for folk flest

Stikkord: Eldre(henting/transport). Inkluderande, Involvering, Universellutforming av lokale (lyd. Lys, tilkomst)

Styrke barne- og ungdomsarbeidet

Stikkord: Fokus på tida etter konfirmasjonen. Støtte opp om eksisterande arbeid.

Leiartrening/inspirasjonssamlinar. Ev. støtte arbeid utanfor eige sokn.

Gode og kreative gudstenester og samlingar med Jesus og Bibelen i sentrum

Diakonal tankegang inn på alle felt – også trusopplæringa

Måloppnåing i høve satsingsområda:

Ei kyrkje for folk flest

Framleis ikkje eigen kyrkjeskyss, men private tilbyr skyss til folk dei kjenner og som har behov.

Inkluderande – konfirmantar og mange frivillige som klokkar, kyrkjevert/kyrkjestoveansvarleg deltek på gudstenestene. Universell utforming – rullestolinngang frå sideinngangen i Tjugum og i Sæle er der ei «rampe» som vert lagt ut ved behov.

Barne- og ungdomsarbeidet

Breitt tilbod gjennom trusopplærar som samarbeider med frivillige organisasjonar. Sjå under trusopplæring, pkt.2.4.1. Det har dessverre vore utfordrande å finne frivillige til å ta på seg barneopplegg under gudstenestene. Av den grunn har der ikkje vore barnesamlingar under preika på alle gudstenester, men likevel på ein del av dei. Der er teiknebrett, bøker og litt leiker i begge kyrkjene til bruk under gudstenestene.

Gode og kreative gudstenester

God variasjon i gudstenester. Gudstenester for unge. Sentral evangelisk forkynning

Diakonal tankegang

Sosialt samvær via kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenester. Sjå elles annan aktivitet under diakonutvalet, pkt.2.4.2.

2.3 ARBEIDET I SOKNERÅDET

I 2024 hadde Soknerådet 7 møte og handsama 72 saker.

«Årlege saker» som:

- å førebu og gjennomføre fasteaksjonen.
- å førebu og gjennomføre årsrapport, årsrekneskap og årsmøte.
- å førebu og gjennomføre konfirmantfest.
- å førebu og gjennomføre dugnadar på kyrkjegardane.
- å ta stilling til diverse søknader som til dømes økonomisk støtte til ulike saker, kulturelle samarbeidsprosjekt og tildele offer.
- sette opp plan for kyrkjevert og medliturg(klokke) og organisere «utvida kyrkjekaffi».

Andre saker i 2024. Soknerådet:

- bidrog med innspel til ulike utlysingstekster og tilsettingar.
- førebudde og gjennomførte kyrkjelydstur; dagstur til rosehagen til Håkon Osland, heimen til Geir Sørebo og den private Stavkyrkja til Anders Brekke i Ortnevik.
- førebudde og gjennomførte fleire punkt for avskjedar og velkomstar samt eit større markering på Kvikne med markering av avskjeden for Sokneprest Kjetil Netland.
- førebudde og gjennomførte kyrkjelydsfest på bedehuset.
- valde ein komité som skal arbeide med å skaffe midlar til restaurering av orgelet i Tjugum kyrkje, soknerådet er representert .

- arrangerte konsert med Frode Skag Storheim og Balestrand songlag til inntekt for restaurering av orgelet den 26. april 2024.
- var delaktig i gjennomføring av «Tid for tru» i lag med bedehuset både våren (Matteus-evangeliet) og hausten 2024 (Filmserien «Chosen») og planlegging av to kveldar med «Tid for tru» våren 2025 (Den nikenske truedkjenninga 1700 år). Kjetil Netland og Gunn Berit Bøthun har vore ansvarlege for innhaldet.
- fekk innspel til jubileum for Kvamsøy kyrkje og vedtok 750-årsmarkering pinsedag 2025. Soknerådet er representert i komitéen som er i gang med førebuing av dette.

2.4 FRIVILLIGE OG UTVAL KNYTT TIL SOKNERÅDET

2.4.1 TRUSOPPLÆRINGSUTVAL

Magni Åm Risa skriv: Karen Marit var Soknerådet sin representant i Trusopplæringsutvalet. Elles er det Magni og Rut Solveig. Meiner vi maks har hatt 1 møte i 2024. Sjå om arbeidet under pkt. 3.

2.4.2 DIAKONIUTVAL

Kjersti Brudvik skriv: Medlemmer er Ida Alte, Ingrid Menes, Ingun Ulvestad, Kirsten Marie Aalhus, Per Tusvik og Kjersti Brudvik frå soknerådet. Per Tusvik gjekk ut av utvalet i løpet av året av helsemessige grunnar. Utvalet hadde 4 møte. Ingen leiar, men Kjersti kallar inn, og Ingun Ulvestad har skrive referat. Sjå om arbeidet under pkt. 3.

2.4.3 INFORMASJONSUTVAL

Jostein Risa skriv: Ingen aktivitet i Informasjonsutvalet i 2024 anna enn innarbeidde rutinar – også litt uklart kven som er med i utvalet.

Jostein: lagar og heng opp ca. 20 plakatar om gudstenestene kvar månad, sender ut SMS for kvar gudsteneste til personar som aktivt har meldt seg på meldingsteneste.

På heimesida (Sogndal kyrkjelege fellesråd/Balestrand sokn) er der kalendrar for gudstenester, trusopplæringstiltak og konfirmantundervisning – alltid oppdatert

På skjerikyrkja.no som er kyrkja sentralt si side for enkelt å finne ting som skjer i kyrkja nær der du er, vert også det meste i Balestrand publisert

Facebook: Redaktør i kyrkjelydsbladet og Internettredaktør Hallgeir Westli legg kvar veke ut info om gudstenestene på Kyrkja i Sogndal si felles Facebook-side. Balestrand har si eiga Facebook-side, men denne har vore relativt lite nytta siste året

2.4.4 KYRKJESTOVENEMD

Helge Eilifsen skriv: Kyrkjestovenemda hatt to møte i 2024.

Medlemer: Ingrid Menes, Malene Mundal, Yonas Ghilamical Ghebre (Sekretær) og Helge Eilifsen (Leiar)

Utførte oppgåver i 2024:

- I februar vart det montert lyddempande plater i taket. Vidar Heier med assistanse av Erland Fagermoen og Helge E. Fellesrådet fekk fakturaen, men soknerådet dekkar kostnadene

(overført som «gåve til fellesråd», nesten heilt finansiert av innsamla midlar til dette formålet.

- Vasskranen (blande batteriet) på kjøkenet er skifta då det gamle var defekt. Utført av Sogn Røyr AS Leikanger, fellesrådet bar kostnadene.
- I september vart ein defekt viftomotor skifta ut. Det var Walther Sætre & Co, Sogndal, som sto for monteringa. Kostnaden tok fellesrådet.
- Det har blitt montert ein ny stikkontakt for den automatiske stoppekranen på lageret.
- Måleriet som sokneprest Kjetil Netland gav kyrkjelyden vart hengt opp i kyrkjestova 1.okt

Oppgåver som blir gjort av kyrkjestovenemda i løpet av året:

- Inntaksfilteret på hovudvifta blir skifta kvart år, medan filter nr. to blir skifta kvart fjerde år.
- Trykket i ekspansjonskaret blir kontrollert og etterfylt med luft til 4,5 bar.
- Batteriet til fuktsensoren på kjøkenet blir bytta.
- Filteret på innedelen til varmepumpa blir gjort reint.
- Det blir tørka støv i vindaugskarmer og vindaugo blir gjort reine.
- Takrennene blir gjort reine for lauv.

2.4.5 REDAKSJONSUTVAL

Helge Eilifsen skriv: har ikkje delteke på noko redaksjonsmøte for kyrkjelydsbladet i 2024, men har sendt inn lokale bidrag til Kyrkjelydsblad for Sogndal. Kjell Helland har alltid vore villig til å sjå over tekstar og koma med innspel til tekstforbetringar når han blei spurt om det.

2.4.6 BYGNINGS- OG DUGNADS-UTVAL

Helge Ulvestad skriv:

Dugnadsnemnd Tjugum: Siv og Kurt Ove Lidal, Halvor Sværen, Are Langeteig, Hans Dale, Helge Ulvestad

Dugnad Tjugum: Stordugnad med vårrydding og større arbeid på Tjugum den 25. april. Starta med betasuppe og organisering av arbeidet i Kyrkjestova.

Konfirmantar og foreldre utgjorde den store arbeidstroppen og var engasjert med lauvraking og rydding av greiner etter beskjæring dagane før. I tillegg vart 'spesialoppdrag' utført av dei som er nemnt under.

Tungarbeidet med maskiner var utført, ogso på dugnad, av Are Langeteig og Halvor Sværen som har teke over vedlikehaldsansvaret på gravplassane og stilte med gravemaskin og 2 traktorar. Kurt Ove Lidal stilte med minigravar og god rettleiing kring arbeidsoppgåver etter mange års erfaring med ansvar for vedlikehaldet av kyrkjegarden.



Harald Tjugum - ansvarleg for miljøstasjonen på Dragsvik og som Simas gav løyve til å opne utanom vanleg opningstid.

Per Ove Mundal - beskjæring av trea opp mot fylkesvegen og Hans Dale fjerna siste del av Rododendron-hekken mot sjøen dagane før stordugnaden.

Større vedlikehald hausten 2024 ved Tjugum kyrkje: Ein større roteskade hadde utvikla seg på ramme og tømmervegg i nord-austre hjørnet av kyrkja. Årsak til skaden var drypp frå avløp frå vask i sakristiet. Trappa til sakristiet var støypt inn til kledninga noko som også medførte fukt og roteskade.

Lidal vedlikehald & Service var leigd inn for å utførte utskifting av ramme og tømmervegg, riving av gamal trapp og bygging av ny. Material til ramme og tømmervegg var furu med kjerneved frå Kvamsøy sag. Fjerning av gamal trapp og avløp frå vask vart ordna på dugnad av Hans Dale og Helge Ulvestad.



Dugnadsnemnd Sæle: Hallbjørg Eidhamar, Reidar Sæle, Jon Asbjørn Målsnes.

Dugnad Sæle: Dugnaden her vart gjennomført den 23. april. Oppmøtet var dårleg pga. kollisjon med anna arrangement. Dato for dugnad bør difor avklarast med grendelaget.

Utført arbeid var vårrydding med lauvraking ettersyn av gjerde. Reidar Sæle møtte med traktor og Jon Asbjørn Målsnes kom med pålar og styrka gjerdet. Leiar for dugnaden var Hallbjørg Eidhamar.

Dugnad Kvamsøy: Det var ikkje utført dugnad her bortsett frå tilsyn med båten som soknerådet disponerer.

2.4.7 «NEMND» FOR INSTALLERING AV NYTT HØGTALARANLEGG I TJUGUM KYRKJE

Vidar Heier og Ole Eilifsen stod for arbeidet og soknerådet dekkar alle kostnader ved innkjøp og montering. Av ein totalkostnad på ca. kr 69.000 eks m

va. kunne kr 28.150 dekkast av øyremerka gåvemidlar frå pensjonistlaget og ein enkeltperson. Arbeidet er utført og komitéen er avvikla.

2.4.8 NEMND FOR KONFIRMANTFEST /NEMND FOR KYRKJELYDSTUR

Desse vert valt nye for kvar einskilt hending

2.4.8 ORGELKOMITÉ (NY!)

Dei som er med: Tore Brudvik (leiar), Helge Ulvestad, Vidar Skåden, Ole Eilifsen (frå soknerådet) og Hallgeir Øgaard Westli (kantorkonsulent/referent i gruppa)

Dei har så vidt komme i gang med arbeidet, men har alt klart å søkje om og få kr 25.000 frå Sture Husabø sitt legat i 2024! Målet er å skaffe midlar slik at orgelet er ferdig restaurert innan 2029. (totalkostnad nærare 2 mill.kr)

2.4.9 KVAMSØY KYRKJE , JUBILEUMSKOMITÉ. 750 ÅRS-MARKERING I PINSA, 6.-8. JUNI 2025

Gerd Jordanger, Kjetil Netland, Runar Matsui Li, Kjersti Brudvik (soknerådet), Tore Brudvik, Hege Beathe Bugge og Rasmus Sunde er i gang med førebuing.

3 Det gudstenestlege og forkynnande arbeidet

3.1 GUDSTENESTEARBEIDET

Gudstenesterytmen i Balestrand er vanlegvis 42 «forordna» gudstenester i året (fastsett av biskopen) med ca. annankvar søndag i Tjugum kyrkje og kvar 4. søndag i tidlegare Kvamsøy sokn (oftast Sæle). Gudstenesta som var sett opp nyårsaftan 31.12 vart seinare flytta til nyårsdag 1.1.2025 og dermed vart det 41 forordna gudstenester kalenderåret 2024. Der var to gudstenester på Fjordtun etter innarbeidd praksis (palmesøndag og 4.s. i advent), samt ei friluftsgudsteneste på Stølsberg. Gudstenesta i Tjugum 4.2 vart avlyst på grunn av ras-stengde vegar. Seinare på vinteren vart klokkesletta ved nokre av gudstenestene i Tjugum kunngjort endra til kl.11.25 dersom vegen rundt Esefjorden vart stengd, slik at ein kunne ta ferja frå Balestrand ved «kriserute». Vi fekk testa dette i praksis ved gudstenesta i Tjugum 3. mars og dette fungerte etter tilhøva godt. I samband med ein innmeld dåp, vart det sett opp ei ekstra gudsteneste i Sæle kyrkje den 21.4 som dermed erstatta den avlyste. For statistikk – sjå kapittel 6.

Første halvdel av 2024 vikarierte Geir Sørebo og hadde då stort sett alle gudstenestene. I haust overtok Runar Matsui-Li som sokneprest. Men sidan han også er sokneprest i Hyllestad har prosti-prest Rasmus Rustad hatt nokre gudstenester. Men også sommarvikarar, prost Kjell Olav Høstaker Nordheim, Kjetil Netland og diakon Kjersti Brudvik har bidrege. Der har vore kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene. Det er gode sosiale treffpunkt i kyrkjelyden. I fastetida og påsketida vart plakatanne Via Dolorosa og Via Lucis sett opp på begge kyrkjegardane. I førjulstida vart det sett opp plakatar med Messiasprofetiar på Tjugum kyrkjegard.

I adventstida var der eit samarbeid med St Olafs Church der kyrkja var fint pynta med lys og open kyrkje på dagtid. Kjetil Netland ordna med optrykk av Messias-profetiar der det dagleg vart lagt fram ein ny. Igjen må me takke Jon Gjeraker som tok på seg desse oppgåvene!

Skulegudstenester. Før sommaren i St Olafs Church og før jul i Tjugum kyrkje der soknerådet betalte for busskyss. Ung Messe i samarbeid med Sygna vgs: 2 stk. i 2024

3.2 TRUSOPPLÆRING

Magni Åm Risa er tilsett som kyrkjelydspedagog (25 %) og diakonimedarbeidar ærleg retta mot ungdom (10%). Ho har eit breitt arbeidsfelt og femner mange ulike aldersgrupper. Dei fleste tiltaka er årvisse og regelmessige (sjå tabell under).

KVA	Kommentar
Babysong (0-2 år), oftast 2 gonger i månaden	Totalt 12 born. Oppmøtet varierer, vanlegvis 3-4 born kvar samling. I vår hadde vi to samlingar på Helsetunet saman med dei eldre. På hausten har vi hatt to samlingar i samarbeid med helsesøster med godt frammdøte. Då er det mest mat og prat, med fokus på å bli kjende med kvarandre. Elles har det kome svært få på dei «vanlege» samlingane.
Adventssamling i St Olaf	Totalt oppmøte: 14 = 5 foreldre, to «arrangørar» (kyrkjelydspedagog og frivillig organist), 2 skuleborn og 5 i den inviterte aldersgruppa. Berre eitt av dei frammdøtte borna er døypt i DnK.
Skulegudstenester 1.-10.kl Trinndelt i St Olaf før sommaren og felles i Tjugum før jul	Alle klassane deltok. Godt samarbeid med prest og skule. Kjekt med deltaking av elevar til lesing av bøner og bibeltektar samt musikalske innslag. Fungerte veldig godt med Rut Solveig som organistvikar, då ho allereie er involvert i den musikalske førebuinga på skulen.

4-årssamling + gudsteneste	Berre 2 deltakarar. Lite kull med få døypte. Oppdaga for seint at gudstenesta kolliderte med Miniputtturnering.
6-årssamling + gudsteneste	Flott oppslutnad! Til saman deltok 6 seksåringar og alle 6 fekk utdelt Barnebibelen. Alle 6 har tilhøyrse til kyrkja/soknet, men berre 3 av dei er døypte i DnK og bur i soknet.
Engleverkstad (7-åringar)	Det var 9 påmelde, men berre 7 møtte. Når vi ikkje har organist, er det veldig kjekt (og viktig) å ha med ein frivillig som spelar gitar; god hjelp til songane. Greitt med ei kort samling der vi fokuserer på julebodskapen. Flott å pynte Kyrkjestova til advent.
T-dag Spiren	På Spiren 04.09 deltok 9 born. Godt samarbeid mellom kyrkja, og lokale krefter. Supert med slike T-dagar, der kyrkja kan bidra inn i etablerte tiltak. Kjekt å introdusere borna til eit kontinuerleg tilbod.
T-dag Addis	På Addis 02.10 deltok totalt 16 born i alderen 8-12 år.
Tårnagent (8-9-åringar)	13 born (68%) deltok. Ikkje alle inviterte kom, men ingen spesiell årsak til manglande oppslutnad. Det vart sendt både skriftleg (individuell) invitasjon og påminning på SMS. Intens, men veldig kjekk dag. Varierte postar med rom for både undring, undersøking og fysisk aktivitet.
Kvardagsskulen	På Kvardagsskulen 06.06 deltok 8 born. Positivt med lån av skulen sine lokale og at vi kan møtast rett etter skule og barnehage. Hyggeleg med eit måltid ilag i starten. Fungerer godt med undervising og aktivitetar sjølv med stort aldersspenn (4-13 år) sidan borna allereie kjenner kvarandre godt. Flott deltaking av Tårnagentane i gudstenesta på søndagen (prosesjon, glimt frå «skattejakta» og forsongarar med rørsler).
Minikonfirmantsamlingar	5 fekk Bibel på gudstenesta 21.01 og deltok på samlingane i Kyrkjestova. Alle 5 deltok på Minikonfirmantleir på Alværa Misjonssenter. I tillegg var det ein som ynskte (og fekk levert) Bibel heime. Kjekt å leike og å vere i kyrkja. Populært med mat på samlingane; borna var svoltne rett etter skulen. Veldig populært med leir saman med andre minikonfirmantar.
Nestenåring	Oppmøtet varierte frå 12- 19 deltakarar per samling, men i løpet av 2024 deltok 27 ulike born frå den aktuelle aldersgruppa på minst ei samling. Godt å vere fleire vaksne til stades, både til matlaging, samtale og spel samt i tillaging og opprydding. Flott samarbeid med Bedehuset. Nytt, flott lokale, men krev meir kontroll over aktivitetane (så ikkje noko vert skada).
Samtalegruppe 8.-10. kl, kvar 14. dag	Det er deltakarar frå alle klassetrinn (8.-10. klasse). I vår var det ein kjerne på 6-7 deltakarar, i haust ligg oppmøtet jamt rundt 12 deltakarar. 18 ulike ungdommar har deltatt på minst ei samling.
Ungdomskveldar på Bedehuset (8.kl – vg3) Eitt arrangement vart avlyst, men vi har gjennomført to samlingar i 2024	24.05. Dette var i samarbeid med Frivillighetssentralen som arrangerte aktivitetar i hallen først, før vi held fram med Ungdomskveld på Sygna seinare på kvelden. Det var ca. 65 ungdommar i hallen til idrettsaktivitetane (kl 18.30-21) og 60 på møtet i etterkant. Nokre kom rett til ungdomsmøtet. I tillegg var det eldre ungdommar og vaksne. 6/12: 49 i målgruppa. Kjekt opplegg og god stemning. God balanse mellom leik, andakt, lovsong og sosialt.
Ung Messe Vanlegvis vekslar vi mellom St Olaf, Tjugum og Sygna, men i 2024 vart begge arrangert på Sygna	Ei vart avlyst, men vi har arrangert 2 Ung Messe i 2024. 11/4: Totalt var ca. 90 personar til stades, av desse var 71 i målgruppa (8.kl-vg3). Det var ungdommar frå alle dei aktuelle skuletrinna, men flest i vgs-alder. 74 tok i mot nattverd. 21/11: Totalt 56 til stades, av desse var 45 i målgruppa. Cirka 50 tok i mot nattverd.

ALIVE-festival	Ungdomsfestival, 3 fine dagar med flott lovsong, kjekke aktivitetar og god undervising. Flott samarbeid med SIM, Sygna, Frelsesarmeen og UiO i Sogndal. Mange solide leiarar og rundt 250 ungdommar som deltok. Avslutta med felles gudsteneste i Stedje kyrkje.
SommarTreff på Sygna	Eit samarbeidsprosjekt mellom Misjonssambandet, Sygna vgs og kyrkja som trekk mange, unge leiarar og deltakarar frå heile vestlandet. Det var totalt 75 deltakarar på leiren, 18 av desse var frå Balestrand Sokn. Veldig kjekk leir med god undervising, flott lovsong, kjekke aktivitetar, god mat og mange entusiastiske og flinke, unge leiarar. God balanse mellom lek, moro, samtalar og solid forkynning.
Songandaktar på Helsetunet 1 gong i månaden	Fine samlingar med mykje song (salmar og kristne songar) og ein liten andakt. Godt oppmøte (10-16 personar). Godt samarbeid med Helsetunet. Musikk og andaktsord v/Eva Bente Ohma. Av og til har vi hatt med born og unge som forsongarar.

Av andre oppgåver har kyrkjelydspedagogen trykt opp teikneark med aktuelle motiv i forhold til dagens tekst og forsøkt å få tak i folk som kan ta ansvar for barnesamlingar under preika i gudstenestene. Vinteren 2023/24 hadde ho også ansvar for konfirmantundervisninga, med ein ekstra stillingsprosent som prestevikar.

3.3 DIAKONI

Kjersti Brudvik skriv om diakoninemnda sitt arbeid:

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Det er evangeliet i handling og vert uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. (Det siste er uttrykt bl.a. i gjennom Fastaksjonen). Diakonal tankegang inn på alle felt – også trusopplæringa.

Kjersti Brudvik skriv om diakoninemnda sitt arbeid:

- Besøksteneste: samla tal registrerte besøk frå nemnda i 2024 var imponerende 141
- Helsetunet: hjelpe til med musikk, hente og hjelpe bebuarane ved samling på Helsetunet når diakon Kjersti hadde samlingar to gonger i månaden i januar -påske.
- Få med nye folk til kyrkje
- Dra i gang kyrkjelydsfest i samarbeid med soknerådet og trusopplærar. Det var ein kjekk fest med om lag 60 frammøtte. Det blei servert betasuppe, kaffi og kaker. Balestrand Songlag deltok med song. Der var intervju av den nye soknepresten Runar Matsui-Li og kona Keiko spela på fløyte. Trusopplærar Magni Åm Risa hadde ein lek. Laila Vang spela til allsongane. Festen sitt mål var å skape fellesskap i kyrkjelyden.
- Blomeutdeling til etterlatne etter dødsfall, 11 stk. besøk her
- Blomeutdeling til folk som har bidrege med mykje uløna arbeid og som me ikkje klarte å nå i gudstenester eller på kyrkjelydsfesten, 6 stk.
- Internasjonal diakoni: Kirkens Nødhjelp-kontakt Monica Bondevik Dale og Kjersti Brudvik laga til bøsser og plasserte konfirmantar, soknerådsmedlemmer og andre på roder før aksjonsdagen tysdag før påske. Aksjonen vart gjennomført, og Monica og Magni Åm Risa tok i mot bøsseberarane på Kyrjekontoret.

4 Rekneskap

4.1 DRIFTSREKNESKAP – HOVUDOVERSIKT

Her er attgjeve berre hovudoversikta frå Balestrand sokn sin årsrekneskap. Det vert elles vist til fullstendig utskrift av «Årsrekneskap 2024» med driftsrekneskap, balanse, notar og kommentarar til postane.

Hovudoversikt DRIFT	2024	2023	2022
Inntekter			
Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter	23 919,41	97 577,46	29 803,50
Refusjonar / overføringar	6 506,00	7 270,00	5 671,00
Tilskot frå rettssubjektet Den norske kyrkja	0,00	0,00	15 000,00
Tilskot frå fellesråd	0,00	0,00	0,00
Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	342 795,59	287 378,21	250 289,05
Sum driftsinntekter	373 221,00	392 225,67	300 763,55
Utgifter			
Kjøp av varer og tenester	170 295,58	210 410,21	136 815,24
Refusjonar / overføringar	0,00	0,00	0,00
Tilskot og gåver	168 924,00	164 278,88	394 329,27
Sum driftsutgifter:	339 219,58	374 689,09	531 144,51
Brutto driftsresultat:	34 001,42	17 536,58	-230 380,96
Renteinntekter og utbytte	28 670,00	26 946,00	13 549,00
Renteutgifter og lånekostnader	68 664,00	16 251,00	0,00
Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00
Netto finansinntekter/-utgifter	-39 994,00	10 695,00	13 549,00
Avskrivningar	0,00	0,00	0,00
Motpost avskrivningar	0,00	0,00	0,00
Netto driftsresultat	-5 992,58	28 231,58	-216 831,96
Interne finansieringstransaksjonar:			
Bruk av udisponert frå tidl. år (overskot)	40 717,71	66 229,26	25 423,92
Bruk av disposisjonsfond	11 316,00	0,00	61 356,46
Bruk av bundne fond	71 811,87	87 059,00	348 659,72
Sum bruk av avsette midlar	123 845,58	153 288,26	435 440,10
Sett av til dekking frå tidlegare år (underskot)	0,00	0,00	0,00
Sett av til disposisjonsfond	40 717,71	66 229,26	51 361,92
Sett av til bundne fond	62 753,50	74 572,87	101 016,96
Sum avsette midlar	103 471,21	140 802,13	152 378,88
Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot)	14 381,79	40 717,71	66 229,26

4.2 MINDREFORBRUK (OVERSKOT) I DRIFT 2024

Balestrand sokn kom i 2024 ut med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 14.400. Det var gledeleg at ein også dette året kom ut med overskot trass i fleire store ekstraavgifter der soknerådet finansierte innkjøp av nytt lydanlegg til Tjugum kyrkje (ca. 69.000 eks. mva) og lyddemping med takplater i kyrkjestova (ca. 39.000 eks. mva).

At resultatet framleis kjem i pluss skuldast ikkje minst mange glade gjevarar. Totalt kunne heile kr 66.000 av dei to utgiftene nemnde over (totalt 108.000) dekkast av innsamla midlar øyremerka dei to føremåla, medan overskytande 42.000 er dekkja i drift av generelle gåver og tilskot. Her er det naturleg å særskilt nemne den årlege gåva frå Thorbjørnsens legat, som er med på å gje soknerådet i Balestrand ekstra spelerom, sjå kapittel 4.3 under.

I tillegg til dei særskilde kostnadene i 2024 har me dei «faste» utgiftene til trusopplæring (innkjøp av utdelingsbøker og biblar mm), konfirmantarbeidet, søndagsskuleressurs «Sprell Levande», biblar til brudepar, blomar og helsingar delt ut via diakoninemnda, blomar på alteret, nattverdvin, oblat, alt til kyrkjekaffi, kyrkjelydsfest, gåver til dei som har avslutta tenesta mm. Desse faste utgiftene vert i stor grad dekkja av offer og gåver til eige arbeid, sjølv om 2/3 av tildelte offer framleis går til andre føremål. I 2024 vart det totalt samla inn kr 177 544 ved 40 takkoffer i kyrkja (inkl. julekonserten), Av dette gjekk kr 60 216 (34 % av totalsummen) til eigen kyrkjelyd og kr 117.328 til andre offermottakarar, sjå oversyn over alle offer på baksida av årsrapporten.

Elles kjem det inn kr 21.900 ved fast gjevarteneste og i tillegg enkeltgåver på totalt kr 17.000, både øyremerka gåver og gåver til kyrkjelydsarbeidet generelt. Ved fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp kom det i 2024 inn totalt kr 12.916 via soknerådet sin rekneskap. Når vi rapporterer til SSB tek vi også med kr 15.714 innbetalt frå balestrendingar via VIPPS direkte til Kirkens Nødhjelp, slik at totalsum ved aksjonen i 2024 vert kr 28.630; berre 710 kr bak resultatet frå 2023 på kr 29.341.

Kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa har dei siste åra søkt om stønad frå K-Stud (Kristeleg studieforbund) til konfirmantsamlingar og samtalegruppe og i 2024 fekk soknet utbetalt totalt ca. kr 8.000 i slik stønad.

I 2024 starta me også opp innsamling til restaurering av orgelet i Tjugum kyrkje. Det vart sendt søknad til Sture Husabøs legat og soknet fekk tildelt 25.000 kroner! (Slike tilskot vert ført som gåve). Ved konsert i Tjugum kyrkje 26.04.2024 deltok Balestrand songlag og musikar og forfattar Frode Skag Storheim. Han stilte opp utan honorar for å støtte innsamlinga - vi dekkja berre reiseutgiftene slik at konserten gav eit overskot på kr 9.400 til orgelprosjektet. Inntektene er ført under «Andre innsamlingar og gåver».

Ein kan også nemne at det i rekneskapen for 2024 er betalt renteutgifter knytt til lånet i kyrkjestova for både 2023 (kr 32.348) OG 2024 (kr 36.316). Desse rentene er sikra betalt gjennom årleg overføring frå Thorbjørnsens legat sjå kap. 4.3 under. Føringa i 2023 gjaldt renteutgifter for 2022.

4.3 ÅRLEG UTBETALING FRÅ THORBJØRNSENS LEGAT

Stiftinga **Ragnhild og Egil Steen Thorbjørnsens legat til fordel for Balestrand sokn** (Thorbjørnsens legat) vart oppretta i 2011 etter testamentet. Thorbjørnsen var sokneprest i Balestrand på 70-talet og han og kona var barnlause. Stiftinga har ein grunnkapital på 1,9 millionar kroner og føremålet er å


betale ut årleg overskot som gåve til Balestrand sokn. Rekneskapen for 2023 synte eit overskot på kr 66.001 som kom av renteinntektene på kr 73.659 fråtrekt driftskostnadene på kr 7.658 (pålagde utgifter til revisjon og årsgebyr Stiftingstilsynet). Summen vart overført til Balestrand sokn som gåve til kyrkjelydsarbeidet i mars 2024. I tråd med ståande vedtak vart kr 36.316 av gåva nytta til dekking av lånerenter for kyrkjestova for 2024. Resterande kr 23.685 er då generell gåve til kyrkjelydsarbeidet.

MERK: I 2023 var utbetalinga frå legatet (kr 22.617,50) mindre enn renteutgiftene frå 2023 på kr 32.348 (betalt i 2024). Om ein ser 2023 og 2024 under eitt vart renteinntekter på totalt ca. 83.000 brukt til å dekke renteutgifter på totalt ca. 69.000 og netto sit soknerådet då att med 14.000 til kyrkjelydsarbeid.

Styret i stiftinga vert oppnemnt av soknepresten i Balestrand og har sidan starten vore sett saman slik: Helge Eilifsen, Erland Fagermoen og Jostein Risa. Stiftinga har grunnkapitalen ståande på sparekonto og etter nokre år med låge renter (0,75 % i 2021) har renta stige frå 3,3 til 4,8 % gjennom 2023 og har halde seg der i 2024. Overskotet opparbeidd i 2024 som kjem til utbetaling til soknet i mars 2025 er kr 85.101.

Frå 2019 har statsautorisert revisor Asbjørn Nygård i Fryd Revisjon AS vore stiftinga sin revisor.

NOKRE GLIMT FRÅ BALESTRAND KYRKJELYD 2024:



5 Statistikk

Soknerådet skal årleg rapportere inn statistikk til Statistisk sentralbyrå som samlar inn og presenterer samla statistikk for Den norske kyrkja om gudstenester, kyrkjelege handlingar, trusopplæring, diakoni, frivillige og gåveinntekter. Her presenterer vi nokre av tala frå statistikken.



5.1 MEDLEMSKAP OG KYRKJELEGE HANDLINGAR


	2024	2023	2022	2021	2020	2019
MEDLEMER, INNMELDINGAR OG UTMELDINGAR						
Medlemmer m tilhørige pr.31.12 (endring frå året før)	731 (-10)	741 (-22)	763 (-22)	785 (-14)	799 (-122)	921 (+4)
<i>Innbyggjarar i soknet</i> (endring frå året før)		1113 (-10)	1123 (-12)	1135 (-3)	1138 (-144)	1282 (+3)
<i>Medlemsprosent (medlemmer av innbyggjarar i soknet)</i>		67 %	68 %	69 %	70 %	72 %
Innmeldingar (i tillegg til døypte)	0	2	2	0	2	2
Utmeldingar	0	2	1	4	4	1
KYRKJELEGE HANDLINGAR						
Dåpshandlingar (av desse pers. m bustad i soknet)	11 (2)	10 (4)	8 (5)	4 (1)	13 (9)	7 (7)
Forbøn konfirmanter:	9	16	12	6	13	13
Vigsler (av desse "utanbygds"=busett utanfor Sogndal)	4 (3)	5 (3)	8 (6)	6 (6)	5 (4)	2 (2)
Gravferder (jordpåkastingar utført av prest i soknet).	11	14	14	13	14	12

5.2 GUDSTENESTESTATISTIKK

Namn (forenkla)	2024			2023			2022			2021			2020		
	tal	total	snitt	tal	total	snitt	tal	total	snitt	tal	total	snitt	tal	total	snitt
Alle gudstenester (g.t.)	49	2611	53	52	2886	56	56	3039	54	39	1764	45	54	2153	40
Alle g.t. sun- og helgedagar	43	2225	52	41	2207	54	42	2317	55	33	1356	41	39	1597	41
Alle g.t. tidl Tjugum sokn	36	2053	57	38	2216	58	44	2520	57	29	1518	52	44	1801	41
Alle g.t. tidl Kvamsøy sokn	13	558	43	14	670	48	12	519	43	10	246	25	10	352	35
Nattverd og nattverdsgjester	32	1064	33	24	810	34	30	964	32	17	491	29	21	764	36
G.t. for barn og ungdom	8	453	57	7	436	62									
Familie- og barne-g.t.							6	497	83	4	290	73	4	170	43
G.t. for ungdom							5	396	79	2	189	95	3	166	55
G.t. for barnehage- og skoleborn	4	240	60	6	236	39	6	255	43	3	107	36	3	120	40
G.t. julaften	3	229	76	2	171	86	3	225	75	3	91	30	3	142	47



Gjennomsnittleg tal deltakarar





5.3 OFFER, INNSAMLINGAR OG GÅVER

For liste med alle takkoffer gjeve i kyrkja gjennom 2024 - sjå oversyn på neste side.

OFFER, INNSAMLINGAR OG GÅVER	2024	2023	2022	2021	2020
Sum ALLE gåveinntekter (ikkje off. tilskot)	349 636	300 079	249 689	163 254	209 535
Sum alle gåveinntekter til andre (offer, fasteaksjon)	145 958	176 979	149 329	89 324	66 479
Sum ALLE gåveinntekter til eige arbeid (offer, gjevarten, enkeltgåv, Thorbj, Sture Husabø)	203 678	123 100	100 360	73 930	143 056
Samla inn ved offer/kollekt ved gudstenester + julekonsert	177 544	188 854	182 346	107 831	89 164
... av dette gitt ved Vipps	149 127	154 646	144 452	104 474	73 826
... av dette gitt ved Vipps i prosent	84 %	82 %	79 %	97 %	83 %
... av dette til eiga verksemd	60 216	40 707	52 934	32 180	32 181
... til eiga verksemd i prosent	34 %	22 %	29 %	30 %	36 %
Tal gudstenester/arrangement med offer	40	41	42	37	37
Samla inn ved fast gjevarteneste (AvtGiro) til eiga verksemd	21 900	20 400	22 210	41 750	30 000
Andre innsamlingar og gåver (Fasteaksj, orgel, Thorbj.legat, SH Leg, enkeltgåv, klfest, kons)	150 192	90 825	45 133	13 673	90 371
... av dette til Fasteaksjonen (Kirkens Nødhjelp)	28 630	28 832	19 917	13 673	9 496
... av dette til eiga verksemd	121 562	61 993	25 216	0	80 875

MERK: Når det gjeld postane «Sum ALLE gåveinntekter til eige arbeid» og «Andre innsamlingar og gåver», så er tilskotet frå Sture Husabø's legat på 25.000 kr til kyrkjeorgel rekna inn der, til liks med gåva frå Thorbjørnsens legat (som var på 66.000 i 2024 og 22.618 i 2023) Dette ut frå definisjonen av gåver som skal rapporterast til SSB, der ein skal ta med alt utanom offentlege tilskot (tilskot frå K-Stud er difor ikkje teke med her).



Dato	Offermottakar	Kyrkje	Kontant KTO	VIPPS	SUM
7. jan	Den Norske Israelsmisjon	Tjugum kyrkje	kr 1 447,95	kr 3 557,82	kr 5 005,77
21. jan	Lokalt kyrkjelydsarbeid	Tjugum kyrkje	kr 250,00	kr 4 296,57	kr 4 546,57
28. jan	Det norske Bibelselskap	Sæle kyrkje	kr 800,00	kr 3 378,55	kr 4 178,55
4. feb	AVLYST: Det Norske Misjonsselskap	Tjugum kyrkje	kr 0,00	kr 246,25	*246,25
18. feb	Lyngmo ungdomssenter	Tjugum kyrkje	kr 500,00	kr 2 511,75	kr 3 011,75
25. feb	Lokalt kyrkjelydsarbeid	Sæle kyrkje	kr 100,00	kr 2 826,95	kr 2 926,95
3. mars	Søndagsskolen Norge	Tjugum kyrkje	kr 420,00	kr 3 656,32	kr 4 076,32
17. mars	Lokalt kyrkjelydsarbeid	Tjugum kyrkje	kr 600,00	kr 4 542,82	kr 5 142,82
24. mars	Lyngmo ungdomssenter	Fjordtun oppvekstsent	kr 1 121,00	kr 5 762,25	kr 6 883,25
31. mars	Det Norske Misjonsselskap	Tjugum kyrkje	kr 600,00	kr 6 660,57	kr 7 260,57
14. apr	Normisjon	Tjugum kyrkje	kr 0,00	kr 3 644,50	kr 3 644,50
21. apr	Det Norske Misjonsselskap	Sæle kyrkje	kr 542,00	kr 1 329,75	kr 1 871,75
5. mai	Lokalt kyrkjelydsarbeid	Sæle kyrkje	kr 200,00	kr 2 462,50	kr 2 662,50
9. mai	Alværa misjonssenter	Tjugum kyrkje	kr 850,00	kr 4 877,72	kr 5 727,72
17. mai	Kirkens Nødhjelp	Tjugum kyrkje	kr 350,00	kr 4 838,32	kr 5 188,32
19. mai	Lokalt kyrkjelydsarbeid	Tjugum kyrkje	kr 582,00	kr 4 137,00	kr 4 719,00
20. mai	Misjonssambandet	Kvamsøy kyrkje	kr 1 648,00	kr 2 937,27	kr 4 585,27
2. juni	Lokalt kyrkjelydsarbeid	Tjugum kyrkje	kr 300,00	kr 4 444,32	kr 4 744,32
16. juni	Sygna vgs	Stølsberg (friluft)	kr 450,00	kr 3 152,00	kr 3 602,00
23. juni	Det Norske Misjonsselskap	Sæle kyrkje	kr 350,00	kr 2 019,25	kr 2 369,25
30. juni	Lokalt kyrkjelydsarbeid	Tjugum kyrkje	kr 1 692,00	kr 11 314,69	kr 13 006,69
14. juli	Den Norske Israelsmisjon	Tjugum kyrkje	kr 325,00	kr 2 856,50	kr 3 181,50
28. juli	Normisjon	Kvamsøy kyrkje	kr 3 303,00	kr 2 876,20	kr 6 179,20
11. aug	Lokalt kyrkjelydsarbeid	Tjugum kyrkje	kr 293,00	kr 2 738,30	kr 3 031,30
25. aug	IKO - Kirkelig pedagogisk senter	Tjugum kyrkje	kr 750,00	kr 4 296,57	kr 5 046,57
1. sep	Søndagsskolen Norge	Sæle kyrkje	kr 100,00	kr 1 428,25	kr 1 528,25
8. sep	Lokalt kyrkjelydsarbeid	Tjugum kyrkje	kr 905,00	kr 1 674,50	kr 2 579,50
22. sep	Lyngmo ungdomssenter	Tjugum kyrkje	kr 900,00	kr 2 720,57	kr 3 620,57
29. sep	Lokalt kyrkjelydsarbeid	Sæle kyrkje	kr 1 000,00	kr 935,75	kr 1 935,75
6. okt	Misjonssambandet	Tjugum kyrkje	kr 250,00	kr 3 299,75	kr 3 549,75
20. okt	Sygna vgs	Tjugum kyrkje	kr 800,00	kr 4 974,25	kr 5 774,25
27. okt	Alværa misjonssenter	Sæle kyrkje	kr 100,00	kr 2 659,50	kr 2 759,50
3. nov	Lokalt kyrkjelydsarbeid	Tjugum kyrkje	kr 162,00	kr 4 542,82	kr 4 704,82
17. nov	Stefanusalliansen	Tjugum kyrkje	kr 600,00	kr 4 235,50	kr 4 835,50
24. nov	Lokalt kyrkjelydsarbeid	Sæle kyrkje	kr 92,00	kr 1 132,75	kr 1 224,75
1. des	Det Norske Misjonsselskap	Tjugum kyrkje	kr 521,00	kr 3 252,47	kr 3 773,47
15. des	Lokalt kyrkjelydsarbeid	Tjug. JULEKONSERT	kr 700,00	kr 4 678,75	kr 5 378,75
22. des	Lokalt kyrkjelydsarbeid	Fjordtun oppvekstsent	kr 1 199,00	kr 2 413,25	kr 3 612,25
24. des	Kirkens Nødhjelp	Sæle kyrkje	kr 1 857,00	kr 3 053,50	kr 4 910,50
24. des	Kirkens Nødhjelp	Tjugum kyrkje	kr 860,00	kr 6 937,35	kr 7 797,35
25. des	Det Norske Misjonsselskap	Tjugum kyrkje	kr 700,00	kr 6 020,32	kr 6 720,32

40	offer i 2024	TOTALT innkome ved takkoffer inkl julekonsert		kr 177 543,97
14	offer til eige arb (35 % av tal offer)	Offer til eige arbeid	34 % av totalsum	kr 60 215,97
26	offer til andre (65 % av tal offer)	Offer til andre	66 % av totalsum	kr 117 328,00

Kollekt ved kyrkjelydsfest på bedehuset vert ikkje rekna med i kategorien "Offer i kyrkja" i statistikken til SSB:

28. okt	Lokalt kyrkjelydsarbeid	Bedeh KYRKJEL.FEST	kr 850,00	kr 3 669,12	kr 4 519,12
---------	-------------------------	--------------------	-----------	-------------	-------------